



Dårlig vedlikehald preger skulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulen i Uskedalen er prega av dårleg vedlikehald og oppfyller ikkje krava til tilfredsstillande inneklima. Det manglar helsevern godkjenning av ombygginga av gymnastikksal til klasserom i 2003.

Dette er hovudkonklusjonane etter eit tilsyn ved Uskedalen oppvekstsenter 13. september. Arne Myklebust frå Tekniske tenester og Knut Even frå Miljøretta helsevern var tilstades ved inspeksjonen saman med verksemdsleiar Vidar Haugland og styrar Marianne Lyngnes Bjørnebole.

Om vedlikehaldet heiter det i rapporten at skulen ber preg av dårleg vedlikehald både innvendig og utvendig. (vegger, listverk, vindaugskarmar, knust vindauge). Golvbelegget i skulen er nedslitt og øydelagt fleire stader, noko som vanskeleggjer eit hygienisk tilfredsstillande reinhald.

Om inneklimaet blir det påpeika i rapporten at skulen manglar ventilasjonsanlegg i den gamle delen. Tekniske tenester har gjennomført inneklimatemålingar på skulen i år og målingane syner at CO₂-innhaldet i undervisningsromma (7. klasse og 5. klasse) ligg over norma som er 1.000 ppm.

Her er noko av det som vart avdekka under synfaringa med omsyn til reingjering og vedlikehald:

- I enkelte rom er det kalkutslag på veggane.
- Det vart opplyst at kjøkenet er plaga av mus.
- Det er høgtsitjande vindauger og ventilasjonskanalar som ligg opne. Miljøretta helsevern forutsetter at ein har gode rutinar for reinhald av desse støvdeponiane.
- Det vart observert mykje støv oppå skap og bak komfyr på kjøkenet. Ventilasjonsavtrekket frå komfyr var tilsmusset. Rutinar for reinhald må utbetrast.
- På sløydssalen observerte ein pussestøv oppå lysarmatur. Sløydrom må få eige avsug for å hindre at støv kjem ut i innelufta.
- Tilsynet fekk opplyst at det er taklekkasjer på skulen og ønskjer tilbakemelding på om det er gjort tiltak for å fjerna eventuelt fuktig materiale.
- Uskedalen skule manglar solavskjerming.
- Ventilasjonsrom, berederrom, herretolett og garderoba for gutar må ryddast.
- Maling, tennvæske etc. skal bli lagra på eit anna lagerrum og rommet skal vera forsvarleg sikra.

Av Ola Matti Mathisen



Skulen oppfyller ikkje krava til tilfredsstillande inneklima. (Fotol: Ola Matti Mathisen)